

Retningslinjer for ungdomsmidlane

1. Ungdomspanelet i Møre og Romsdal fylkeskommune disponerer ei økonomisk ramme på 250 000 kroner. Pengane blir delte ut to gonger årleg: i april og desember.
2. Ungdomspanelet deler ut midlane til prosjekt som bidrar til ungdomsengasjement, og til alternative aktivitetar for ungdom.
3. Ungdomspanelet er forplikta til å annonsere søknadsfristen i god tid før midlane skal tildelast.
4. Administrasjonen skal sørge for at dei som søker om støtte, får rask tilbakemelding om handlinga av søknaden. For søknader som kjem inn lenge før neste tildeling (meir enn ein måned før), må søkarane få melding om når neste tildeling er.
5. Dei som har fått støtte, kan bli kontrollerte av Ungdomspanelet eller fylkesrevisjonen i etterkant. Dette blir gjort for å sikre at pengane blir brukte til det formålet det er søkt om.
6. Pengane blir først betalte ut når mottakaren kan dokumentere at tiltaket er gjennomført eller sett i gang.
7. Pengar som ikkje er brukte slik det er søkt om, må betalast tilbake. Vi vil også krevje å få pengane tilbake dersom rapporteringa av bruken av midlane ikkje er god nok.
8. Ved tildelinga blir det sett ein siste frist for når pengane må vere brukte.